

Haugen VVA AS  
Thor-Henrik Fredriksen  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/569 - 21/77478

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
06.07.2022

## **Dispensasjon og rammeløyve til etablering av parkeringsplass, intern veg og avløpsanlegg - gbnr 214/2, 214/114 og 214/118 Fyllingsnes**

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 473/22**  
**Tiltakshavar:** Alver kommune, Eigedom  
**Ansvarleg søker:** Haugen VVA AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### **VEDTAK**

**Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF og friområde , byggegrensa mot sjø, jf. plan- og bygningslova § 1-8, og byggegrensa langs vassdrag, jf. føresegn 2.6.2 i kommunedelplanen for Lindås, for etablering av parkeringsplass, køyrbar gangveg og avløpsanlegg på gbnr 214/2, 214/114 og 214/118. Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:**

1. Av omsyn til vassdraget skal inngrep i bekken i størst mogleg grad unngåast.
2. Ved inngrep i bekken skal det leggjast til rette for reetablering av kantvegetasjon.
3. Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å hindra avrenning til bekken i anleggsperioden.
4. Arbeidet bør leggjast utanom tidsrommet der det kan liggja rogn og plommeyngel i grusen
5. Bekken skal ikkje lukkast igjen og det må leggjast til rette for anadrom fisk med tanke på habitat og vandringsruter.

**Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.**

**Det vert gjeve rammeløyve for parkeringsplass, køyrbar gangveg og avløpsanlegg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

1. **Plassering av veg og parkeringsplass** går fram av vegplan, teikning nr. BO1 rev. A datert 21.04.2021.  
**Plassering av vass- og avløpsanlegg** går fram av vass- og avløpsplan, teikning nr. GH01 rev. B datert 21.04.2021.  
**Utsleppsstad og -djupne** går fram av utsleppsløyve gitt i vedtak datert 03.01.2022.
2. **Toleransegrense for plassering av tiltak** vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. **Tiltaket skal plasserast i samsvar med dispensasjon fra byggegrensa langs kommunal veg** gitt i vedtak datert 18.01.2022.
4. **Avkøyrsla til offentleg veg** skal etablerast i tråd med utvida avkøyringsløyve gitt i vedtak datert 18.01.2022.

**Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:**

1. **Det må liggje føre** vurdering/undersøking av grunntilhøve i tråd med uttale frå NVE
2. **Løyve etter Lov om havner og farvann**
3. **Løyve/avklaring av behov for løyve etter Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova)** og Lov om laksefiske og innlandsfisk mv.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:**

1. **Faktisk plassering av tiltaket** må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

**Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.**

## **SAKSUTGREIING**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om bygging av nytt kommunalt avløpsanlegg med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø, utbetring av tilkomstveg frå Fyllingsnesvegen til ny parkeringsplass og køyrbar gangveg til friluftsområdet i Littlevågen. Tiltaket er plassert på eideomane gbnr 214/2, 214/114 og 214/118.

Alver kommune skal etablira nytt avløpsanlegg for eksisterande og nye bustadar langs Fyllingsnesvegen og Littlevågsbrotet. Avløpsanlegget skal dimensjonerast for inntil 86 bustadar og framtidig skule. Eksisterande eideomar, som i dag har private enkeltanlegg, vil bli sanert. I tillegg skal avløp frå bustadane innanfor den nyleg godkjende reguleringsplanen for Nystøltunet (1263-201 603) koplast til anlegget.

Etablering av parkeringsplass og gangveg til sjø skal skje i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd og vil leggja til rette for bruk av friluftsområdet i Littlevågen.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og friluftsområde, plan- og bygningslova § 1-8 og byggegrensa mot vassdrag, jf. føresegen 2.6.1 i kommunedelplanen.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 19.01.2021 og supplerande dokumentasjon mottatt 01.02.2021 og 30.04.2021.

### **Planstatus**

Tiltaket skal etablerast i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 (planid. 1263-201805) sin arealdel er definert som LNF-føremål og friområde på land. Arealet i sjø inst i vågen er avsett til friluftsområde med underføremål badeplass, medan

sjøarealet elles er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandzone. Sjøarealet er omfatta av omsynssone friluftsliv, og eit område langs austre del av vågen er omfatta av faresone ras- og skredfare.

Det går fram av kommunedelplanen si føresegn 3.5.1 at hovudføremål og underføremål i sjø ikkje er til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn og avløp m.m.

Det går ei lita elv gjennom området. Byggegrensa langs elva er 20 meter, jf. føresegn 2.6.1.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev søknad om dispensasjon fra arealføremåla LNF og friområde, byggeforbodet i strandsona slik det går fram av plan- og bygningslova § 1-8 , og byggegrensa mot vassdrag, jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplanen.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

På vegne av tiltakshavar søker vi med dette om dispensasjon fra kommunedelplan for bygging av ny veg/parkeringsplass og røyrleidningsanlegg nærmere enn 15m frå Kv 1110 – Fyllingsnesvegen og på areal definert som LNRF- og friområde. Tiltaket ønskast plassert innan 100-meters belte langs sjø.

Alver kommune – Teknisk forvaltning og drift ynskjer, i samarbeid med utbyggjar av Nystøltunet bustadfelt (plan 201603 – Gnr/bnr. 214/41 m.fl.), å sanere private avlaupsanlegg langs Fyllingsnesvegen og Littlevågsbrotet. Samstundes skal det leggjast til rette for handtering av avlaup frå nye bustader i planområdet Nystøltunet og tilliggjande areal.

I samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd skal det samstundes byggjast ein parkeringsplass og gangveg for å leggje til rett for bruk av friluftslivsområdet Littlevågen.

### **SKILDRING AV TILTAKET**

Tiltaket omfattar utbetring av dagens atkomstveg til bustadhus på gnr/bnr 214/47 og bygging av ny parkeringsplass for Littlevågen friluftslivsområde (gnr/bnr. 214/114). Parkeringsplass vil få åtte oppstillingsplassar for personbil.

Gangveg byggjast fram til friluftslivsområdet. Denne gangvegen vil og vere atkomstveg for bustadhus på bnr. 47 og for driftspersonell til friluftslivsområdet.

Nytt kommunalt avlaupsreinseanlegg, som 128 m<sup>3</sup> prefabrikkerte slamavskiljar med tre kammer, byggjast under parkeringsplassen. Utsleppsleidning til sjø leggjast under gangveg fram til Littlevågen og vidare på sjøbotn til utslepp på minimum kote -25 moh. Spillvassleidning leggjast fram til Littlevågsbrotet (Nystøltunet bustadfelt) og under Fyllingsnesvegen for å kople til eksisterande og nye bustader. Røyrleidning mot nordvest, under Fyllingsnesvegen, vil erstatta eksisterande privat utsleppsleidning til sjø. Bustader langs vegen Littlevågsbrotet er og knyta til denne utsleppsleidningen. Desse vil bli sanert i samband med utbygging av planområdet Nystøltunet.

### **GRUNNGJEVNAD FOR SØKNADEN OM DISPENSASJON**

Det er i dag ikkje etablert eit kommunalt avlaupsnett i Fyllingsnesvegen. Eigedomar i området med bustadhus eller hytte har i dag eigne septiktankar, med spreieleidning til terreng, eller felles privat utsleppsleidning til sjø.

Alver kommune ynskjer å sanere dei lokale, private utsleppa av gråvatn til terren og sjø ved å knyta desse spillvassanlegga til eit kommunalt reinseanlegg. Nye regulerte bustader, samd framtidig skule på Fyllingsnes, må bli knyta til godkjent avlaupsanlegg. Bergen og Omland Friluftsråd ynskjer å leggje til rette for meir bruk av Litlevågen friluftslivsområde (sjå vedlagt faktaark frå Naturbase). Tilkomst til friluftslivsområdet vil bli betra med bygging av køyrbar gangveg. For brukarar som ikkje bur innan gang- eller sykkelavstand frå friområdet må parkeringsplass bli etablert. I dag er det berre mogleg å parkere langs kommunal veg.

Bygging av veg- og røyranlegg utførast etter grunnavtaler mellom Alver kommune og grunneigarar.

Vi meiner at bygging av ny veg, parkeringsplass, gangveg og spillvassanlegg vil gi store fordelar innbyggjarar i Alver kommune. Sanering av privat kloakkutslepp i naturen vil betre miljølempa for Fyllingsnes og Osterfjorden. Nytt reinseanlegg vil inngå i kommunal rutine for prøvetaking av overvakning av utslepp av spillvatn. Litlevågen friluftslivsområde er i dag eit lite nyta areal grunna dårlig tilkomst. Ny parkeringsplass og gangveg vil opne opp Litlevågen for rekreasjon og sikre tilkomst til sjølinja.

#### KONSEKVENSER

Søknad om dispensasjonar frå kommunedelplan (Lindås kommune – Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031):

1. Bygging av veg, parkeringsplass og røyrleidningsnett i ein avstand på 5-9m frå senterlinje communal veg (Lov om vregar - §29).
2. Bygging av veganlegg på areal som ikkje er detaljregulert. Areal er definert som LNRF-og friområde i kommunedelplan (§2.2)
3. Bygging av veg, gangveg og parkeringsplass nærmare enn 100 meter frå sjø (§2.6.1)

Supplert søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot vassdrag.

På vegne av tiltakshavar søker vi med dette om dispensasjon frå kommunedelplan, føresegen §2.6.1, for bygging av ny veg/parkeringsplass og røyrleidningsanlegg nærmare enn 20m frå vassdrag. Visar til dispensasjonssøknad av 8. desember 2020.

#### SKILDRING AV TILTAKET

Bekk frå Fyllingsnestjørna til utslepp i Litlevågen kryssar anleggsområdet. Nytt bekkeløp vil bli etablert langs ny parkeringsplass og gangveg til Litlevågen friluftsområde. Reetablering av bekk vil i så stor grad som mogleg bli utført med massar frå dagens bekkeløp. Visar og til notat med vurdering av flaum i søknaden.

#### KONSEKVENSER

Søknad om dispensasjonar frå kommunedelplan (Lindås kommune – Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031):

- Bygging av veg, gangveg og parkeringsplass nærmare enn 20 meter frå vassdrag (§2.6.1)

#### GRUNNGJEVNAD FOR SØKNADEN OM DISPENSASJON

Tiltaket sitt føremål er, i tillegg til å etablere eit kommunalt avløpsanlegg, å leggje til rett for bruk og tilkomst til Litlevågen friluftsområde.

Bekk til Litlevågen er eit viktig element i friluftsområdet og anlegget har fokus på å bevare og om naudsynt reetablere bekk med dagens kvalitet. Tverrsnitt på bekk vil ikkje bli redusert slik at kapasitet på vassføring blir den same eller betre etter ferdigstilling av tiltaket.

Bekk i nordre del av anleggsområdet, mot Fyllingsnesvegen, er delvis gjengrodd. Tiltaket vil opne opp bekkefar og utbetre overflater med jordslått skråning. Avbøtande tiltak vil bli utført etter NNI-Rapport 566 «Utdredning av tema naturmangfold». Visar og til dispensasjonssøknad av 8. desember 2020.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Søknaden har vore send på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, Norges Vassdrags- og Energidirektorat og Alver si landbruksavdeling og avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp forvaltning.

Norges Vassdrags- og energidirektorat skriv følgjande i uttale datert 21.03.2021:

«(...)

NVE har ikkje avgjerande merknader til at det vert gjeve dispensasjon. Av omsyn til vassdraget bør det settast vilkår om å i stort mogeleg grad unngå inngrep i bekken. Der tiltaket kjem i berøring med bekken og kantvegetasjonen bør de sette vilkår om at det skal reetablerast eit vegetasjonsbelte som tek i vare intensjonen med vassressurslova (vrl) § 11.

Det er ikkje naudsynt med ytterlegare vurdering av tiltaket etter vrl. NVE ber dykk minne tiltakshavar om vrl § 5 om aktsemeldplikt, og om § 47 om erstatningsansvar.

Det er ikkje usannsynleg at grunnen i søkket der bekken renn består av fine og blaute massar, og at det kan vere djupt til fjell. De bør sette vilkår om fagkyndig vurdering/undersøking av grunntilhøva, og at tilstrekkeleg geoteknisk kompetanse prosjekterer tiltaka.»

Statsforvaltaren i Vestland skriv følgjande i uttale datert 22.03.2021:

«Statsforvaltaren ser i utgangspunktet på tiltaka som positivt for folkehelse og friluftsliv. Kommunen må likevel vurdere om føremåla det dispenserast for vert vesentleg sett til side og om fordelane ved å gje ein dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Tiltak kjem i kontakt med bekken eit par stader. Det bør vurderast om traséen kan flyttast nokon for å unngå tiltak i bekken, eventuelt vurdere ein smalare gangveg. Om det ikkje er mogleg å unngå tiltak i bekken, må ein unngå bekkelukking. Ein må også legge til rette for anadrom fisk, både med tanke på habitat og vandring.

I utgangspunktet treng tiltaket løyve etter lakse- og innlangsfisklova, men om eit vedtak om dispensasjon i tilstrekkeleg grad tek omsyn til anadrom fisk, vil dette likevel ikkje vere naudsynt. Det er viktig at det kjem klart fram kva inngrep som er naudsynt og at avbøtande tiltak vert sikra med vilkår i eit eventuelt dispensasjonsvedtak.

Vi minner om kravet til å oppretthalde kantvegetasjon langs vassdrag, jf. § 11 i vassressurslova. Fjerning krev løyve fra Statsforvaltaren. Når tiltaket er utført, må det leggast til rette for reetablering av kantvegetasjon.

Vi vurderer både VA-anlegg og parkering og tilkomst til friluftsområde, som positive tiltak for folk i Alver kommune. Vi vurderer likevel at ein bør justerer vegtraséen om det er mogleg, og om dette ikkje er mogleg må det settast vilkår til dispensasjonen.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.»

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS har gitt uttale i brev datert 24.03.2021, og påfølgjande førehandsuttale i skriv datert 26.04.2021. I førehandsuttalen skriv dei:

Iht. havne- og farvannsloven (hfl.) av 21.06.2019 § 14 fjerde ledd kan det ikke gis tillatelse til tiltak i strid med vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven uten etter dispensasjon fra vedkommende plan- og bygningsmyndighet. Det er i utgangspunktet utenfor Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) sin myndighet å vurdere om omsøkte tiltak er i samsvar med plan.

Alver kommune v/Arne Lise Molvik har i brev av 25.02.2021 opplyst at tiltaket krever dispensasjon fra arealformålet i området. Vi gjør derfor oppmerksom på at vi må avvente vår behandling av søknaden inntil et eventuelt dispensasjonsvedtak fra Alver kommune foreligger.

Videre er det registrert fiskeriinteresser (låssettingsplasser) i området for omsøkt tiltak. Vi ber derfor om Fiskeridirektoratets vurdering av hvorvidt tiltaket vil komme i konflikt med fiskeri- og eller akvakulturinteresser i området. Fiskarlaget Vest er også satt som kopimottaker i tilfelle de har merknader. Vedlagt følger relevante dokumenter.

Av hensyn til hfl. § 14 fjerde ledd som skal ivareta en effektiv og samordnet behandling av søknader om tillatelse, er det tilstrekkelig å motta kopi av Fiskeridirektoratets uttale til kommunen dersom den allerede er foretatt.  
Vi gir imidlertid en forhåndsuttale i saken.

Ut fra de opplysningene vi har mottatt kan vi ikke se at tiltaket vil være problematisk etter havne og farvannsloven og vi er innstilt på å fatte positivt vedtak i saken.  
Vi opplyser imidlertid at det går en hoved- og biled like utenfor det omsøkte området. Tiltaket må ha tilstrekkelig solid utførelse og fortøyes/forankres forsvarlig slik at den tåler de påkjenninger som følger av sjøtrafikken i området.

Alver kommune si landbruksavdeling skriv i uttale datert 12.03.2021 følgjande:

«(...) (Slik me vurderer saka er det ikkje naudsnyt med omdisponering etter jordlova sin § 9 då tiltaket ikkje berører dyrka eller dyrkbar mark. Skal arealet delast frå er det naudsnyt med delingsløyve etter jordlova sin § 12, det er pårekneleg at det kan gjevast slike løyve.

Arealet som vert omfatta av tiltaket er ein mindre teig som på grunn av plassering og form ikkje har særleg stor verdi som landbruksareal.

Det er i søknaden gjort grundig greie for verknad av tiltaket på biologiske mangfold, og det er gjort framlegg til avbøtande tiltak. Landbruksavdelinga har ingen merknader utover dette, men vil peika på at det er viktig både for naturen og samfunnet å få etablert gode avløpsløysingar og leggja til rette for friluftsliv og tilkomst til sjø.

Alver kommune si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp skriv i uttale datert 11.03.2021 følgjande:

«Samferdsel, veg-, vatn- og avløp-forvaltning er positive til at veg, parkering, slamavskiller etc. blir etablert slik det er skissert i søknad frå Haugen VVA.»

### **Nabovarsel**

92 naboeigedomar er varsle, og det er kome inn 8 nabomerknadar. Ansvarleg søker har kommentert alle.

Lorentz Olsen, gbnr. 214/37 og 214/231 - Litlevågsbrotet 51 (vedlegg C-4):

Merknad:

1. Utslippspunkt for avlaupsleidning i Litlevågen/Osterfjorden

Vurdering:

1. Utslepp av avlaupsvatn er prosjektert på kote -25,0 moh og omtrent ved dagens utslippspunkt for privat avløpsanlegg.

Tiltaket vil rette seg etter krav i utsleppsløyve. Utsleppsleidning vil bli vurdert forlenga mot søraust og med eit utslepp djupare enn kote -25,0 moh.

Birger Sandal, gbnr 214/173 – Fyllingsnesvegen 86 (vedlegg C-5):

Merknad:

2. Kompensasjon for sanering av eksisterande privat avløpsanlegg. Kommunale avgifter for tilkopling til nytt rørleidningsanlegg

Vurdering:

2. Dagens private anlegg har ein status som ikkje gjer det mogleg å bli overtatt av Alver kommune. Utsleppsleidning i Litlevågen har hatt driftsproblem og utbetringar har vært forsøkt utført. Nytt kommunalt anlegg vil komplett erstatta privat rørleidning.

Private septiktankar kan bli utkopla.

Asle Holte, gbnr. 214/48 – Litlevågsbrotet 43 (vedlegg C-6):

Merknad:

3. To merknadsfristar
4. Manglande dokumentasjon utslepp av kloakk til sjø
5. Reinseanlegg må byggjast i staden for slamavskiljar
6. Utsleppsleidning i sjø må forlengast
7. Søppelsystem for friluftsområdet Litlevågen må etablerast

Vurdering:

3. Lovpålagt merknadsfrist for nabovarsel er 14 dagar. Fordi varselet ble utsendt 17. desember 2020 er frist for å komme med merknad den 31. desember 2020. Grunna jul er endeleg frist satt til 4. januar 2021

4. Det søker om løyve til å bygge nytt avløpsanlegg (rør og kummar) og reinseanlegg for kloakk som slamavskiljar. Slamavskiljar er dimensjonert for å handtere avlaup frå 86 bustader og ny skule, som utgjer totalt 314 personekvivalentar (pe). Eigen søknad om utsleppsløyve til sjø vil bli sendt til Alver kommune.

5. Grunna storleiken på avlaupsmengda er det ikkje krav om bygging av reinseanlegg med fleire reinsetrinn enn primærreinsing. Godkjent, prefabrikkert slamavskiljar tilfredsstiller krav til primærreisning i Forureiningsforskrifta.

6. Sjå pkt. 1

7. Bergen og Omland Friluftsråd vil drifta tilrettelagt friluftsområde Litlevågen og vil ha ansvar for naudsynt søppelsystem. Hytterenovasjon for Litlevågsbrotet skal ikkje nyttast av brukarar av friluftsområdet.

Steinar Olsen, gbnr. 214/35 og 214/231 – Litlevågsbrotet 47 (vedlegg C-7):

Merknad:

8. Utslepp avlaupsvatn i sjø ved friluftsområde Bøneset/Høgabråtet/Havnskjæret og Storneset/Litlevågsbrotet.
9. Reinseanlegg må byggjast i staden for slamavskiljar
10. To merknadsfristar
11. Avfallsplan for friluftsområdet Litlevågen

Vurdering:

8. Sjå pkt. 1
9. Sjå pkt. 3
10. Sjå pkt. 5
11. Sjå pkt. 7

Erik Andre Olsen, gbnr. 214/232 – Litlevågsbrotet 49 (vedlegg C-8):

Tilsvarande som C-7.

Arve Fyllingsnes, gbnr. 214/4 – Fyllingsnesvegen 85 (vedlegg C-9):

Merknad:

12. Ikkje mottatt nabovarsel
13. Bnr. 4 har tinglyst rett til bruk av felles grustak på arealet
14. Utslippspunkt for avlaupsleidning i Litlevågen/Osterfjorden
15. Kommunen bør byggje felles avlaupsanlegg for fleire utbyggingsområde på Fyllingsnes

Vurdering:

12. Bnr. 4 grensar ikkje til tiltaket på bnr. 2, 114 og 118 og har derfor ikkje mottatt nabovarsel. Egedomen vil i utgangspunktet ikkje bli tilkopla nytt anlegg.
13. Rettigheiter til bruk av areal vil bli handtert i grunnavtalar
14. Sjå pkt. 1
15. Avlaupsanlegget er dimensjonert for 38 eksisterande bustader, 21 regulerte bustader i Nystøltunet /Litlevågsbrotet (P201603) og 27 framtidige bustader. I tillegg vil avlaup frå framtidig skule bli kopla til det nye anlegget. Grunna stor avstand til planområda Stemmemyra (P17022006) og Fyllingsnes (P200807) er ikkje framtidig avlaup frå desse bustadområda inkludert i dimensjoneringa.

Arve Fyllingsnes, Gnr./Bnr. 214/4 – Fyllingsnesvegen 85 (vedlegg C-11):

Merknad:

Som merknad til førre nabovarsel

1. Bnr. 4 har tinglyst rett til bruk av felles grustak på arealet
2. Bnr. 4 har rett til tømmeropplagsplass og vegrett
3. Utslippspunkt for avlaupsleidning i Litlevågen/Osterfjorden
4. Kommunen bør byggje felles avlaupsanlegg for fleire utbyggingsområde på Fyllingsnes

Vurdering:

1. Rettigheiter til bruk av areal vil bli handtert i grunnavtalar
2. Sjå pkt. 1. Ny gangveg til sjø kan bli nytta av nabobar for transport

3. Utslippspunkt er justert og utsleppsdjupne er satt til -60 moh. Utsleppet vil ikke kome i konflikt med vika Havnen
4. Avlaupsanlegget er dimensjonert for 38 eksisterande bustader, 21 regulerte bustader i Nystøltunet /Litlevågsbrotet (P201603) og 27 framtidige bustader. I tillegg vil avlaup fra framtidig skule bli kopla til det nye anlegget. Grunna stor avstand til planområda Stemmemyra (P17022006) og Fyllingsnes (P200807) er ikke framtidig avlaup fra desse bustadområda inkludert i dimensjoneringa.

Terje Fyllingsnes, gbnr. 214/68 – næst Litlevågsbrotet (vedlegg C-12):

Merknad:

5. Konflikt mellom naust og vassleidning

Vurdering:

4. Det skal ikke etablerast ny vassleidning ved denne eigedomen. Vi antar at nabo har tolka trase for eksisterande vassleidning fra Alver kommune sitt rørleidningskart som ny vassleidning.

## Plassering

Plassering av veg og parkeringsplass går fram av vegplan, teikning nr. BO1 rev. A datert 21.04.2021.

Plassering av vass- og avløpsanlegg går fram av vass- og avløpsplan, teikning nr. GH01 rev. B datert 21.04.2021.

Utsleppsstad og -djupne går fram av utsleppsløyve gitt i vedtak datert 03.01.2022.

Eigar av gbnr 214/47 har i dokument datert 05.04.2021 gjeve samtykke til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa, og at fyllingsskråning for ny veg kan leggast på eigedomen sin nordlege del, inntil 3 meter.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vera 5-9 meter. Alver kommune ved samferdsel, veg, vatn og avløp - forvaltning har i vedtak datert 18.01.2022 gjeve dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg KV 1110 Fyllingsnesvegen slik det er søkt om.

## Vatn og avløp (VA)

Det er gjeve utsleppsløyve for inntil 350 pe i vedtak datert 03.1.2022 i sak 21/2959. Utsleppet skal reinast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført til sjø.

## Tilkomst, avkørsle og parkering

Tiltaket får tilkomst frå communal veg via eksisterande avkørsle til gbnr 214/47. Alver kommune ved samferdsel, veg, vatn og avløp - forvaltning har gitt utvida avkøyringsløyve til communal veg i vedtak datert 18.01.2022.

## Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreg, og plassering i høve terreg.

## Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Søkjær har opplyst at tiltaket skal plasserast i område med fare for flaum i sikkerheitsklasse F1. Ansvarleg søker skriv:

Nytt veg-, vatn- og avløpsanlegg langs Fyllingsnesvegen vert bygd i NVE sitt aktsemdsområde for flaum langs vassdrag mellom Fyllingsnestjørna og Littlevågen.

Bekk renn gjennom gnr/bnr. 214/5 nord for Fyllingsnesvegen og 214/2 og /114 sør for vegen.

Stikkrenne under Fyllingsnesvegen vert forlenga under ny planering i terrenget for vatn- og avløpsleidning. Grunna Fyllingsnesvegen kryssar bekk og flaumsone vil vegen fungere som ein demning og oppstuing av flaumvatn vil vere høgare oppstrøms, dvs. nord for Fyllingsnesvegen.

Ny parkeringsplass vert bygd om lag 2-3 m høgare enn bekk på bnr. 2. Lågaste punkt på parkeringsplass blir om lag på kote +8,5 moh (NN2000).

Gangveg til sjø (Littlevågen) byggjast langs austre dalside på bnr. 114. Topp gangveg blir 1-2 m høgare enn parallel bekke. Nedre del av gangvegen blir bygd på kote +2,04 moh (NN2000). Høgvasstand i tryggingsklasse 1 med klimapåslag (sjå TEK17) er i Osterfjorden på kote +1,93 moh. Gangvegen vil derfor ikkje bli satt under vatn i ein stormflo.

Ved konflikt mellom nytt veganlegg og dagens bekke vert nytt bekkeløp etablert i fot på steinfylling frå veg/gangveg/parkeringsplass.

Det er ikkje fare for liv under føresetnad av saktevoksande flaum, jfr. TEK17 §7-2 femte ledd. Tiltaket kan derfor plasserast i tryggingsklasse F1, jfr. tabell TEK17 §7-2 annet ledd.

### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

## VURDERING

### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensesert i frå, omsyna i loven sin føremålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre skal fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Begge vilkåra må vera oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

Omsyna bak føresegna det vert dispensesert i frå, omsyna i lova sin føremålsparagraf, eller nasjonale og regionale interesser, må gjera seg gjeldande med ei viss tyngde for at kravet om vesentleg til sidesetting skal vera oppfylt. Dersom nasjonale og regionale interesser er til stades, men vert vurdert av kommunen til ikkje å vera vesentleg til sidesett, så skal uttale frå nasjonale og regionale mynde vera ein del av den samla vurderinga av om fordelane er klart større enn ulempene.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggja innanfor ramma av dei omsyna lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for dei ulempar ein dispensasjon kan medføra.

Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå arealføremåla LNF og friområde, plan- og bygningslova § 1-8 (byggefobdet i strandsona) og byggegrensa mot vassdrag, jf. føresegn 2.6.1.

Det omsøkte tiltaket gjeld etablering av kommunalt avløpsanlegg, parkeringsplass og gangveg til friområdet. Det kommunale avløpsanlegget vil sikra både eksisterande og planlagt busetnad i området tilfredsstillende avløpshandtering. Anlegget er dimensjonert for ny busetnad innanfor reguleringsplanen for Nystøltunet og omkringliggende område, og vil gje mulighet for sanering av eldre avløpsanlegg. Parkeringsplass og gangveg vil leggja til rette for bruk av friområdet i Littlevågen.

#### Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ønskeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Parkeringsplass, avløpsanlegg og veg vil verta plassert på areal avsett til LNF-føremål. Landbruksavdelinga uttalar at det aktuelle arealet er ein mindre teig som på grunn av plassering og form ikkje har særleg verdi som landbruksareal. Omdisponeringsløyve etter jordlova er ikkje nødvendig. Utgreiinga om naturmangfald som føl soknaden gjer greie for avbøtande tiltak.

Administrasjonen legg uttalen frå landbruk til grunn og vurderer at omsynet bak LNF-føremålet ikkje vert vesentleg sett til side.

#### Arealføremålet friområde

Friområda skal nyttast til rekreasjon, uteopphold og friluftsliv for ålmenta. Enkelttiltak som legg til rette for ålmenta sin bruk av området kan etablerast, t.d. sti og universelt utforma gangveg, utan krav om reguleringsplan.

Det vert vurdert at køyrbar gangsti slik omsøkt er innanfor det planen opnar for å etablera på arealet. Avløpsanlegg plassert i veggrunnen vil ikkje hindra bruk av friområdet slik planen legg opp til. Vi kan ikkje sjå at omsynet til arealføremålet friområde vert sett vesentleg til side ved etablering av veg og avløpsanlegg slik det er søkt om.

#### Plan- og bygningslova § 1-8, det generelle byggeforbodet i strandsona

Det går fram av plan- og bygningslova at det i 100-metersbeltet langs sjø skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vidare er det eit nasjonalt mål at strandsona ikkje skal byggjast ut og at ho skal vere open for allmenta.

Køyrbar gangveg og vass- og avløpsanlegg vil liggja innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Vegen vil leggja til rette for og sikra tilkomst til friområdet og strandsona for alle. Tiltaket er godt tilpassa terrenget og vil ikkje gje særlege negative verknader på landskapet. Det er kommunen si vurdering at tiltaket ikkje vil setja omsynet bak byggeforbodet i pbl § 1-8 vesentleg til side.

#### Byggegrensa mot vassdrag med heilårs vassføring

Innanfor dele- og byggegrensa mot vassdrag skal det takast særleg omsyn til kantvegetasjon, verneområde, natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Mest heile det planlagde tiltaket vil liggja innanfor byggegrense mot vassdrag som er 20 meter. For å imøtekoma merknadar frå statsforvaltaren og NVE er tiltaket justert slik det går fram av tilleggsdokumentasjon mottatt 30.04.2021.

Trase for gangveg til sjø er endra slik at tiltaket i minst mogleg grad vil koma i konflikt med eksisterande bekk. Det vil etter revidert tiltak berre vera nødvendig å flytta dagens bekkeløp langs sørvestre hjørne av eigedommen gbnr 214/47 då gangvegen ikkje kan byggjast inn på privat eigedom.

For å hindra at bakkeplanering med jordmassar blir fylt ut i bekk ved sørvestre hjørne av ny parkeringsplass vil det bli bygd ein støttemur i naturstein med maksimal høgde 1,5 meter.

Det omsøkte tiltaket gjeld etablering av infrastruktur for ei framtidig utbygging og sanering av kloakk frå eksisterande bustadar i området. Tiltaket vil sikra ei tilfredsstillande handtering av kloakk i tråd med gjeldande krav og samstundes leggja til rette for allmenn bruk av friområdet i Littlevågen. Kommunen vurderer at ei omlegging bekken slik det går fram av søknaden ikkje vil setja omsynet bak byggegrensa langs vassdraget vesentleg til side når det vert gjort avbøtande tiltak. Ansvarleg søker skriv at bekk til Littlevågen er eit viktig element i friluftsområdet som ein vil bevare og reetablera med same kvalitet som i dag. Reetablering vil verta utført med massar frå dagens elveløp i så stor grad som mogleg. Tverrsnittet på bekk vil ikkje bli redusert slik at kapasitet på vassføring vert uendra eller betre enn i dag etter ferdigstilling. Bekk i nordre del av tiltaket er gjengrodd og vil verta opna opp og skråningar jordslått som del av tiltaket. Avbøtande tiltak vil verta utført i tråd med NNI rapport 566. Det vert elles vist til uttalar frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE, og frå Statsforvaltaren i Vestland med omsyn til utføring av arbeidet.

Administrasjonen viser til utgreiinga frå ansvarleg søker og tiltrer denne. Av omsyn til vassdraget bør ein i størst mogleg grad unngå inngrep i bekken. Ved endring av bekkeløpet må det leggjast til rette for reetablering av kantvegetasjon som ivaretak intensionen i vassressurslova §11, og jord må tilbakeførast slik at stadeigen vegetasjon kan etablira seg på ny.

Elva gjennom området har eit potensial for anadrom fisk (sjøørret) og ål, då det ikkje er vandringshinder nedanfor E39. Det vil vera viktig å i størst mogleg grad hindra avrenning til elva i anleggspериодen, og i den grad det er mogleg unngå arbeid i den tida det kan liggja rogn og plommeyngel i grusen. Bekken må ikkje lukkast, og det bør leggjast til rette for anadrom fisk med tanke på habitat og vandring.

#### Fordelar og ulemper

I vurderinga av fordelar og ulemper er det særleg lagt vekt på at tiltaket har stor samfunnsnytte. Tiltaket vil fremja folkehelse og friluftsliv, og gje eit betre miljø i Littlevågen og området kring. Eksisterande eigedomar i området har private avløpsløysingar med slamavskiljar og utslepp til terreng eller sjø. Nytt avløpsanlegg vil sikra ei tilfredsstillande avløphandtering i tråd med dagens krav for eksisterande og framtidig busetnad og samstundes leggja til rette for bruk av området til fritidsbruk i tråd med føremålet.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket slik det er planlagt vil gje særlege ulemper i forhold til dei interesser som gjer seg gjeldande verken i strandsone eller vassdrag når tiltaket vert utført i samsvar med søknad og på vilkår som er sett i saka. Fordelane ved tiltaket vert vurdert større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering er det vurdert at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

#### **Naturmangfaldlova**

Det er utført eiga utgreiing av tema naturmangfald knytt til det planlagde tiltaket, jf. NNI - rapport 566. Rapporten gjev ei grundig utgreiing av naturgrunnlaget og konsekvensar som

følgje av det planlagde tiltaket. Det er også foreslått avbøtande tiltak for å redusera uønska verknadar på naturmangfaldet, jf. følgjande punkt:

- I størst mogleg grad unngå fysisk inngrep ved etablering av P-plass og vei til Litlevågen
- Beholde naturkarakteristikk i størst mulig grad i kantonene til tiltaksområdene
- Beholde de litt større trær som finnes i dalen (ikke mange)
- Ved gjennomføring av anleggsarbeidet i størst mulig grad begrense avrenningen til elven gjennom dalen. Avskjærende grøfter og mindre fellingsdammer kan begrense slik avrenning. Graving i perioder med mye nedbør gir og lett avrenning til vassdraget
- Ved graving i veitraséen og VA-grofter legge topplaget på den ene siden av traséen og de dypere masser på motsatt side. Ved tilbakelegging av masser i dekket det i motsatt rekkefølge. Tilsvarende også ved graving i strandsonen i overgang til sjø.
- Av hensyn til hekkende fugler anbefales anleggsarbeidet i perioden august til mars
- Ved eventuelle nye tiltak/inngrep knyttes til forvaltning/drift av friluftsområdet må hensyn til lokalt viktige naturtyper innarbeides
- Ved sluttført tilrettelegging sett opp informasjonsskilt som viser til sårbar natur i områder – dvs. informasjon til brukere er viktig.»

Kommunen vurderer at det omsøkt tiltaket og dei vilkår som er sett, tek i vare dei interesser som naturmangfaldlova skal ivareta.

#### **Forholdet til anna lovverk**

Tiltaket berører vassdrag med anadrom fisk. Det kan vera nødvendig med løyve etter Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. og Lov om vassdrag og grunnvann, vassressurslova.

Statsvorvaltaren har vedtaksmynde. Søknaden om dispensasjon vert gitt på vilkår av at nødvendig løyve/avklaring av tiltaket i forhold til desse lovene ligg føre før det vert gitt løyve til igangsetjing av tiltaket.

Tiltak i sjø krev løyve etter Lov om havner og farvann. Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS behandler søknaden på vegne av Alver kommune. Nødvendig løyve etter hamnelova må liggja føre før det vert gitt igangsetjingsløyve for tiltak i sjø.

#### **Naturfare**

Det er opplyst i søknaden at tiltaket tilfredsstiller TEK17 § 7-2 femte ledd. NVE påpeiker i sin uttale at;

*Det er ikke usannsynleg at grunnen i søkket der bekken renn består av fine og blaute massar, og at det kan vere djupt til fjell. De bør sette vilkår om fagkyndig vurdering/undersøking av grunntilhøva, og at tilstrekkeleg geoteknisk kompetanse prosjekterer tiltaka*

Kommunen har ikkje heimel for å påleggja utgreiing, men må avslå dersom tryggleik ikkje er tilstrekkeleg dokumentert jf. plan- og bygningslova §§ 28-1 og 29-5. Dokumentasjonsplikta og plikta til å kartleggja og utgreia tryggleik mot naturpåkjenningar, ligg på utbyggjarsida. Kommunen skal i saksbehandlinga normalt leggja til grunn tiltakshavar eller ansvarleg føretak sine opplysningar om at tiltaket oppfyller tekniske krav, dersom ikkje forholda tilseier noko anna, jf. plan- og bygningslova § 21-4.

Der det er usikkerheit om tiltaket oppfyller krava i plan- og bygningslova §§ 28-1 og 29-5, bør kommunen etterspørja dokumentasjon knytt til tryggleiken før det vert gjeve løyve. I dette konkrete tilfellet finn kommunen at det kan gjevast rammeløyve på vilkår om at ved søknad om igangsetjingsløyve må det leggja føre ei fagkyndig vurdering/undersøking av grunntilhøva i tråd med uttale frå NVE.

Eit område langs austre del av vågen er omfatta av faresone ras- og skredfare. Kommunen forstår at faresona ikkje vil ha noko betydning for etablering av avløpsleidning i sjø og at TEK17 § 7-3 ikkje vil gjelda for tiltaket då det ikkje har personopphold.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Utsleppspunkt og -djupne er godkjend i utsleppsløyve gitt i vedtak datert 03.01.2022.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det vert lagt til grunn at nødvendige privatrettslege forhold er avklart.

### **Nabomerknad**

#### **Lorentz Olsen, gbnr 214/233, datert 17.12.2020**

Eigar av gbnr 214/233 protesterer på plassering av utsleppspunkt like ved naust på gbnr 214/35 og hans strandlinje. Han skriv at naust og strandlinje er mykje nytta til fiske og bading og at planlagt plassering av utsleppspunkt er svært uheldig og vil føra til sterkt begrensing i forhold til framtidig bruk. På grunn av betydeleg auke i kloakk og straumforholda på staden bør utsleppsleidningen først 200 meter lenger sør slik at han kjem utanfor sørvestleg ende av gbnr 214/37, der straumforhold og djupne vil vera betydeleg betre.

Merknaden frå eigar av gbnr 214/233 gjeld forhold knytt til utsleppsstad og utsleppsdjupne. Dette er forhold som skal vurderast ved behandling av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Utsleppsløyve er gitt i vedtak datert 03.01.2022. Utsleppsløyvet fastset utsleppsstad.

#### **Birger Sandal, gbnr 214/173, datert 26.12.2020**

Eigar av gbnr 214/73 skriv at han ikkje vil godta sanering av privat avløpsanlegg og at kommunen kan nytta det noverande private avløpsanlegget saman med det nye avløpsanlegget. Tilkopling til kommunalt anlegg vil medføra nye avgifter. Han krev økonomisk kompensasjon når Alver kommune skal sanera eksisterande anlegg.

Merknaden frå eigar av gbnr 214/173 gjeld i hovudsak økonomiske forhold som følgje av ei framtidig sanering av eksisterande avløpsanlegg. Vi viser her til ansvarleg søker sin kommentar. Eksisterande utslepp i området er eldre utslepp som ikkje held dagens krav og som det er behov for å sanera. Etablering av nytt avløpsanlegg i området vil vera dimensjonert for både eksisterande og framtidig utbygging i området. Eksisterande busetnad må pårekna krav om tilkopling. Økonomiske forhold knytt til dette er ikkje del av denne saka og må avklara på eit seinare tidspunkt.

Eksisterande avløpsanlegg har ikkje ein slik standard at det kan overtakast av kommunen.

#### **Asle Holte, gbnr. 214/48, datert 31.12.2020**

Eigar av gbnr 214/48 skriv at det er oppgitt to merknadsfristar, at søknaden om utsleppsløyve ikkje er tilstrekkeleg dokumentert, at reinsegrada bør aukast ved å byggja reinseanlegg i

staden for slamavskiljar, at det ikkje er gitt at miljøutsleppet vert mindre ved å etablera felles kommunalt anlegg slik det er søkt om, at utsleppspunkt bør forlengast med 100 meter for å ivareta friluftsaktivitetar ytst i vågen og at nytt søppelsystemet for friluftsområdet i Littlevågen bør etablerast.

Merknaden frå eigar av gbnr 214/48 gjeld i hovudsak forhold knytt til utsleppsstad og utsleppsdjupne. Dette er forhold som skal vurderast ved behandling av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Utsleppsløyve er gitt i vedtak datert 03.01.2022. Utsleppsløyvet fastset utsleppsstad.

#### **Steinar Olsen, gbnr. 214/35 og 214/231, datert 31.12.2020**

Eigar av gbnr 214/35 og 214/231 protesterer mot anlegg med utsleppspunkt ved naust på gbnr 214/35 og hans strandlinje. Heile området er mykje i bruk til friluftsføremål og det same gjeld hans naust og strandlinje. Planlagt utsleppspunkt vil medføra sterkt begrensa bruk og svekka verdiar på eigedomar rundt. På grunn av utsleppet sin storleik, straumforhold og djupne på staden må kloakkledningen førast 200 meter vidare mot sør slik at han kjem utanfor sørvestlege ende av gbnr 214/37. Han tek vidare opp uklare forhold knytt til frist for innsending av merknadar, at tiltaket er nabovarsla tett opptil juleferie, og at det bør utarbeidast ein avfallshandteringsplan då dagens renovasjonsordning i området fungerar dårleg.

Merknaden frå eigar av gbnr 214/35 og 214/231 gjeld i hovudsak forhold knytt til utsleppsstad og utsleppsdjupne. Dette er forhold som skal vurderast ved behandling av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Utsleppsløyve er gitt i vedtak datert 03.01.2022. Utsleppsløyvet fastset utsleppsstad. Det vert elles vist til ansvarleg søker sine kommentarar.

#### **Erik Andre Olsen, gbnr 214/232, datert 31.12.2020**

Same merknad som Steinar Olsen på gbnr 214/35 og 214/231.

Merknaden frå eigar av gbnr 214/232 gjeld i hovudsak forhold knytt til utsleppsstad og utsleppsdjupne. Dette er forhold som skal vurderast ved behandling av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Utsleppsløyve er gitt i vedtak datert 03.01.2022. Utsleppsløyvet fastset utsleppsstad. Det vert elles vist til ansvarleg søker sine kommentarar.

#### **Arve Fyllingsnes gbnr 214/4, datert 03.01.2021**

Eigar av gbnr 214/4 opplyser at han han ikkje er nabovarsla. Han opplyser at han har tinglyst rett til felles grustak å det aktuelle området. Elles ønskjer han at utsleppsleidningen vert ført ut på djupare vatn då belastninga på området er stor med auka kloakkutslepp og eksisterande oppdrettsanlegg. Han skriv vidare at kommunen bør planlegga for eit felles anlegg som også omfattar dei regulerte felta til Fyllingsnes Utvikling AS og Alver tomteselskap.

Eigar av gbnr 214/4 er varsle gjennom supplerande nabovarsling. Tinglyste rettar vil bestå og vil verta handtert i grunnavtalar. Merknadar knytt til utsleppsstad og utsleppsdjupne er forhold som skal vurderast ved behandling av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Utsleppsløyve er gitt i vedtak datert 03.01.2022. Utsleppsløyvet fastset utsleppsstad. Avlopsanlegget er ikkje dimensjonert for dei regulerte områda som det vert vist til. Det kan likevel vera aktuelt at desse vert knytt til dette avlopsanlegget når områda er klar for realisering. Ei framtidig utviding av utsleppsløyvet vil skje etter ny søknad om utsleppsløyve.

Etter supplerande nabovarsel er det kome til ytterlegare to merknadar.

#### **Arve Fyllingsnes, gbnr 214/4, datert 07.04.2021**

Eigar av gbnr 214/4 tek opp dei same forhold som i førre merknad, men at han i tillegg til rett til sanduttak og så har rett til tømmeropplagsplass i Treafjæra, og køyreveg for å frakta sand og tømmer opp av fjøra. Han skriv vidare at kommunen bør sjå heile Fyllingsnes under eitt og at det må vurderast å føra eit kommunalt avløp i eksisterande kommunal trase i Gangstømyra og vidare til Eikangervåg på djupt vatn.

Merknadane gjeld i hovudsak private rettar og utsleppsstad. Vi viser til kommentar over.

#### **Terje Fyllingsnes, gbnr 214/68, datert**

Merknaden gjeld konflikt mellom vassleidning og naust.

Vi viser her til ansvarleg søker sin kommentar. Dette gjeld truleg eksisterande vassleidning vist på kommunen sitt leidningskart. Det skal ikkje etablerast ny vassleidning i dette området.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Det må gjennomførast uavhengig kontroll av geoteknikk for tiltak i tiltaksklasse 2 og 3.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/569**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Vedlegg:**

- 12 Situasjonsplan 19039-B01.pdf
- 13 Situasjonsplan 19039-GH01.pdf
- 14 Tegning NyPlan\_19039-C02.pdf
- 15 Tegning NyPlan\_19039-GH02.pdf
- 16 Tegning NyPlan\_19039-C01.pdf
- 17 Tegning NyPlan\_19039-GH03.pdf
- 19 Tegning NyttSnitt\_19039-GH10.pdf
- 20 Tegning NyttSnitt\_19039-GH11.pdf
- 21 Tegning NyttSnitt\_19039-U02.pdf
- 22 Tegning NyttSnitt\_19039-U01.pdf

Utsleppsløyve finn du her: [Arkivsak 21/2959 - Miljøsak - GBNR 214/2, 214/114 og 214/118](#)

[Fyllingsnes - utslepp \(sing.no\)](#)

Kopi til:

Alver kommune, Eigedom Arve Fyllingsnes	Postboks 4 Fyllingsnesvegen 136	5906 5913	FREKHAUG EIKANGERVÅG
Asle Holthe Bergen og Omland Farvannsforvaltning Iks	Søråsbrotet 3 Postboks 6040	5235 5892	RÅDAL BERGEN
Birger Sandal	Fyllingsnesvegen 86	5913	EIKANGERVÅG
Erik Andre Olsen	Eidsvågskogen 17	5104	EIDSVÅG I ÅSANE
Lorentz Olsen	Andreas Gjellesviks Veg 23	5260	INDRE ARNA
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve) Statsforvaltaren i Vestland	Postboks 5091 Majorstua Njøsavegen 2	0301 6863	OSLO LEIKANGER
Steinar Olsen	Henrik Wergelands Gate 7	5031	BERGEN
Terje Fyllingsnes Vestland fylkeskommune	Hylkjeneset 33 Postboks 7900	5109 5020	Hylkje BERGEN

Mottakgrar: